

ÅRSMØTE I ØYSTESE IDRETTSLAG 07. MARS 2011

Protokoll frå årsmøte i Øystese idrettslag halde i Holmatun 07.03.2011 kl. 1900

Sak 1. Godkjenning av dei med stemmerett

Det var tilstades **19** personar med stemmerett ved starten av årsmøte.

Sak 2. Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vart godkjent.

Merknader:

- Styret fekk kritikk for at saksliste til årsmøte var gjort lite tilgjengeleg for medlemene.
- Same gjaldt sakspapir knytt til sak om fotballsamanslåing.
- Det kom også kritikk av fotballgruppa si kunngjering av sitt gruppearsmøte. Kunngjering i lokalavisa / Hordaland folkeblad må vere minstekravet.

Sak 3. Val av møteleiar, referent samt 2 representantar til å underskrive årsmøteprotokoll

Vedtak etter forslag på årsmøte:

Som møteleiar vart	Odd Kåreid	einstemming valt.
Som referent vart	Rune Vik	einstemming valt.
Som underskrivar av protokoll vart følgjande		einstemming valt:
	* Anders Lunde	
	* Kjell Erik Børven	

Sak 4. Handsaming av ØIL-årsmelding for 2009

Årsmelding vart gjennomgått ved at styreleiar Hilde Hysing-Dahl las opp.

Rettingar/merknader:

- Oppgjeve tal på vaksne fotballspelarar i alderen "26 år +" i årsmeldinga er for lågt. Feilen har oppstått ved at data i idrettsregisteret har vor unøyaktig for oldboys/girls.
- Torefjellstrimmen er ikkje eit samarbeid med NIL, men med tidlegare medlem av NIL.
- Ingen honorar over 4000,- er utbetalt. Var derfor ikkje merknad om dette i bokettersyn.

Vedtak:

Årsmelding ØIL 2010 vart einstemming godkjend.

Sak 5. Handsaming av ØIL-rekneskap for 2010 og budsjett for 2011

Gjennomgang av resultatrekneskap, balanserekneskap og budsjett ved kasserar Trude Torvund. Rekneskapet er revidert og funne i orden, datert og signert av revisor Signe K. Kvamsøy **06.03.2011**.

Vedtak:

Rekneskap ØIL 2010 og budsjett for 2011 vart einstemming godkjend.

Sak 6. Handsaming av innkomne forslag og saker**Sak A:****Fotball, samarbeidsavtale mellom ØIL og Norheimsund fotballklubb**

Årsmøtet i ØIL gjorde 08.03.2010 følgjande vedtak i sak 5.B (sitat):

Årsmøtet i ØIL gjev ØIL-styret mandat til å utgreie samarbeid/samanslåing/ etablering av felles junior-/seniorfotballsatsing i Kvam (inkl. Norheimsund, Ålvik, Strandebarm, Øystese). Ein slik prosess må vere forankra i fotballgruppa. Årsmøtet oppmodar ØIL-styret og styret i fotballgruppa, til vidare arbeid om felles toppfotballsatsing på junior-/seniornivå for Kvam.

Eit samarbeidsutval med følgjande samansetning har utarbeidd forslag som årsmøtet skal ta stilling til:

- ØIL-fotball: Roger Vassnes, Arild Lillevik, Stig Edvin Aksnes
- Norh.s-fotball: Bjørn Øyri, Gisle Gravdal, Rune Kolltveit

ØIL-styret si vurdering av forslaget:

Forslaget går utover mandatet sist årsmøte gav, nemleg ”*utgreie samarbeid/samanslåing/ etablering av felles junior-/seniorfotballsatsing i Kvam*”.

Styret meiner at verken økonomiske, juridiske, sportslege eller organisatoriske konsekvensar for ØIL er synleggjort i dokumentet årsmøtet skal ta stilling til. Kombinasjonen etablering av ny klubb, medlemsflukt frå ØIL til ny klubb og årleg tilskot frå ØIL på kr 300 000 til ny klubb, er vurdert som eit konsept som verken vil tene ØIL eller ein ny klubb.

Diskusjon:

Det var til saman 31 innlegg i debatten. Dei fleste var skeptiske til avtalen grunna dei økonomiske føringane som var lagt til grunn og kva konsekvensar ein slik avtale vil kunne få for ØIL. Det vart også stilt spørsmål om ØIL og Norheimsund fotball hadde felles forståing av avtaleforslaget, utan at dette fann noko avklaring. Styret vart oppmoda om å arbeide vidare med samarbeidsrelasjonar med Norheimsund fotballklubb.

Forslag til vedtak:

ØIL-styret sitt forslag til vedtak:

Forslag til avtale mellom ØIL og Norheimsund fotball om å starte ny fotballklubb vert avvist.

Vedtak:

Forslag til avtale mellom ØIL og Norheimsund fotball om å starte ny fotballklubb vert avvist.

Stemmefordeling: 16 stemte NEI til avtalen / 2 stemte JA til avtalen / 1 stemme var BLANK

Sak B:**Kontingent for styremedlemer i Øystese idrettslag**

Det har over tid vore store utfordringar knytt til rekruttering av styrrepresentantar i ØIL. Gjeld både hovudstyre og gruppestyre. Som eit tiltak foreslår ØIL-styret derfor ein redusert medlemskontingenget for dei som er representert i hovudstyret eller gruppestyre.

Diskusjon:

Ingen tok ordet i saka..

Forslag til vedtak:

ØIL-styret sitt forslag til vedtak:

Styremedlemer i ØIL betalar kr 100 i familiemedlemsskap.

Vedtak:

Einstemdig vedtak: Styremedlemer i ØIL betalar kr 100 i familiemedlemsskap.

Sak C:

Handlingsplan 2011 - 2013

ØIL-styret har utarbeidd eit forslag til handlingsplan som årsmøtet skal ta stilling til. Ein handlingsplan må sjåast på som eit levande dokument og skal evaluerast av årsmøtet kvart år.

Diskusjon:

Ingen tok ordet i saka.

Vedtak:

Handlingsplan 2011-2013 vart einstemmig vedteke.

Sak 7. Fastsetting av medlemskontingent

Økonomien i hovudlaget er stabil og god. Styret foreslår derfor at kontingen for 2011 vert uendra.

Vedtak:

Einstemmig vedtak: ØIL-medlemskontingent for 2011 vert som for 2010.

- Familie	kr	500,-
- Aktiv voksen	kr	300,-
- Barn	kr	200,-
- Støttemedlem	kr	100,-

Sak 8. Val av ØIL-styre for 2011

Det er gledeleg at valnemnda har klart å rekruttere nye krefter inn i styreverv i ØIL.

Vedtak:

Følgjande styre vart einstemmig valt:

Leiar: **Hilde Hysing-Dahl** (1 år)

Nestleiar: **Per Dysterud** (1 år)

Kasserar: **Trude Torvund** (1 år) –ikkje på val

Skrivar: **Rune Vik** (1 år) –ikkje på val

Styremedlemmer:	Sonja Fagerheim	(1 år) –ikkje på val
	Øystein Roe Sundsøy	(2 år)
	Jan Tore Alvsaker	(2 år)
1. vara:	Åshild Bekkesletten	(2 år)

Valnemd:	Britt Marit Fasteland	(2 år)
	Janne Britt Solås	(2 år)

Gruppeleiarar (ikkje valt av årsmøtet):

Boccia/handicap	Lillian Kvamsøy
Fotball	Per Dysterud
Trim	Leiv Sandven
Turn	Åshild Bekkesletten
Orientering	Olav Kreken
Hopp	
Alpin	
Vektløfting	

ØIL- styrrepresentantar i Sjusete skisenter (ØIL eig 1/3 og Kvam LSK 2/3):

Magnar Dalatun
Einar Opsanger

Ref.

Rune Vik

(sign)

(sign)